

Dalen 04.03.2026

Dispensasjonssøknad omfordeling av BYA-areal

Direkstaul gnr 112 bnr 3, Vinje kommune

Sjølve egedomen er på 2 mål og ligg på ein gamal støylsvoll, frittliggjande i Vassslauseigedomen (gnr 112, bnr 1) og vart dela frå som hytteeiegdome i 1965. Den er sidan nytta som dette,

Egedomen ligg under skoggrensa (770 moh) i område definert som LNF med høve for spreidd hyttebygging. Føresegnene i Vinje kommune for dette er maksimal utbygging på 120 m², med fordeling 100 + 20 m² på hytte og uthus. Dispensasjonssøknaden gjeld å fordele desse areal på tre bygningar.

Ståande bygg på egedomen er ei heller dårleg bygd reisverkshytte frå 1966 (ca. 40 m²), eit eldre sel som har funksjon som anneks (18,1 m²) og eit uthus (15,8 m²).

Planen er å rive eksisterande hytte og føre opp ny. Denne vil ha same standard utan innlagt vatn og straum, men vil bli 82,95 m². Samla BYA vil slik bli 116,85 m².

Ny hytte vil bli plassert på same stad og med same retning som den som no står der.

Om fasadar

Kledning og fasadar er planlagd etter dei føresegner som Vinje kommune har til hyttebygging. Det vert ståande kledning/»falsk stav» og tretak. Det vil bli eit tradisjonelt saltak med 27 grader takvinkel, og mønehøgde 5,14 m frå terreng. Hytta skal bli tjørebreidd slik sel og uthus elles er på Direkstaul.

Om høvet til omgjevanadane

Hytteeigedomen er frittliggjande på ein gamal støylsvoll i skogsterreng. Den er ikkje synleg for fastbuande, og er knapt synleg frå hytteeigedomar på Djupedal (Gnr 113 bnr 3) på andre sida av Djupedalshylen og fylkesvegen. Avstand til desse hyttene er vel 450 meter, og dette er næraste bebygd område.



Dag Rorgemoen

Talleiv Huvestadsveg 3

3880 Dalen

Tlf.: 97 086 084

Epost: dr@vtm.no